

Per Inge Torkelsen

## Kem va det så fant på dette tullet? Historien om Norsk Barnemuseum



## HISTORIEN OM NORSK BARNEMUSEUM

### **Samlar av legning**

Det e ein sygdom, det e arveligt, og der e flest guttar så får det. Det e ein mentale lidelse som ofta får dødelige udgang.

I 1925 va far min 10 år, og va den stolte eigar av 12 klinkekuler. Ei av de va ei svære, flotte stålkula, og den va far min krye av. Ein ittemiddag lekte far min med klinkekulene, på trappå udforbi huset i Kaisegadå. Plutseligt datt stålkulå ner i hålet i steinhellå så va det øversta trappetrinnet. Det hålet så vatnet sko renna ner i. Klinkekulå datt ner, onna og inni trappå. Umulige å få aua på, umulige å få tag på. Far min ville hogga opp trappå, for å få kula tebage. Han fekk ikkje lov te det av farfar. Han sko fått lov te det.

I 1975 va eg 22 år, og far min va 60. Det va sommar, og me bodde i hyttå på Jåsund. Ei nått hørte eg ei fæle hyling. Det va far min. Eg gjekk inn te han. Han hadde mareritt, han satt i sengå og brølte: "Klinkekulå! Klinkekulå!". Det va et mareritt far min hadde ofta, heila livet sitt.

Allerede då eg va fira år merkte eg at eg òg va sterkt og uhelbredeligt angreben. Fyssta samlingå mi va ispinningar (den trepinnen så va inni pin-up og saftisar). Eg gjekk gadelangs, på Kampen og i Tomsahagen, på jakt itte ispinningar. Eg hadde 2788 då mor mi fant de, i ei pappeska onna sengå. Det blei et langt foredrag om hygiene, bakteriar og smittefare. Eg grein, men de brant godt.

Eg savne de ennå, av og te. Men eg savne ennå merr de flotte figurane så va inne i Jet-isen. Jet-is va ei runde vaniljeiskula, med sjokolade udpå. Skaftet va av plastikk, i ein friske farge, og iskulå kvilte på ein runde plastdings. Og – på den runde plastdingsen stod der ein plastfigur. Denne figuren åbenbarte seg når du hadde spist opp isen. Akkorat så ein tryllekunst. Det kunne ver ein harepus, ein kenguru, eller någe ennå merr spennandes. Då brakk du av skaftet, la deg ner i asfalten og filte ner den litle klumpen så ennå va onna den runde plastdingsen, og vips så hadde du ein nydelige pyntefigur så du satte foran Hardybøgene i boghyllå. Eg hadde 12 forskjellige figurar. Kor blei de av? Mor?

Fantastiske figurar og nydelige minner. I 40 år har eg prøvd å få tag i disse figurane igjen. Ka tid ska eg få fred i sjelå?

Seinare begynte eg å samla på spikrar. Myntar og frimerker. Bøger og tegneseriar. Leketøy. Fajanse. Grammafonstiftesker. Tobakksesker. Julaskrin. Nå for tidå har eg ein av Norges beste samlingar av kleshengare i tre (med firmalogo) og norskproduserte barberblader. Det e ikkje friskt.

### **Kjerest, forlovelse og gifting**

Samling kan ver ein skjebne verre enn døden. Men, som om ikkje dette sko ver nok, så e der någen av oss som i tillegg bler behefta med kjerest. Kjeresten og samlingå bler ofta to bitre rivalar.

I starten går det fint. Kjeresten seie at det bare e koseligt at du samle, og

kjeresten kan te og med klara å visa et snev av falske interesse for tullet og rotet ditt. Men så merke du, sakte men sikkert, at deler av samlingå forflytte seg. Ud på gangen, inn i et skab, ner i kjellaren.

Når kjeresten bler forlovede, då komme tidå for å samla på «nyttige» ting. Bestikk, service, møbler, pengar te hus. Då bler det verre og verre å forsvara at det egentlig va et kupp at du fekk den flotte blikkbilen for bare 8 000 kroner.

Når kjeresten bler kånå, og hu lure deg med på ting så føre te forplantning, då bler det ofta heilt umuligt å samla. Någen av oss får et kott i ein iskalde kjellar, samem med potetene, mange gjer opp, og de fleste skille seg, for å kunna konsentrera seg om livets mål og meining.

Eg har aldrig forstått dette med livets mål og meining, så eg prøvde i det lengsta, forgjeves selvfølgeligt, å kombinera ekteskab og samling. Ein høstkveld mumla kånå mi om at hu kunne tenkt seg ei nye vinterkåba. Eg påpekte at der va litt skrabt på kontoen, og at den gamla kåbå sikkert ville holda et par vintrar te. Hu forstod, og gjekk med på dette, onna sterke tvil. Ein halvtime seinare ringe telefonen: Om eg vil kjøba *Knold og Tot til Lands og til Vands*, fra 1912, for 33 000 kroner. Itte ett sekunds betenkningstid brøle eg «JA!» i telefonrøret.

Det viste seg at kånå mi hadde litt vanskeligt for å forstå denne typen prioriteringar. Eg måtte ty te samlarens stysste løgn: At det e kulturhistorisk viktigt at någen kjøbe og tar vare på disse skattane. Dette e et argument så brugas av adle samlare så føle seg trua. Enten de samle på batterier, ølbrikker eller tomme melkekartongar: Det e så viktigt for samfunnet.

Kånå mi begynte å mista hørselen, hu fekk et stivt tryne, og eg forstod at eg snart måtte velga: samlingå eller kånå. Eg kjenne mange så har valgt samlingå. De fleste, egentligt. Men eg e ikkje som folk flest. Eg ville ikkje gje meg uden kamp. Eg heiv inn det desidert dummaste argumentet samlare tyr te: MUSEUM! Eg ska bygga et museum te samlingå! Kor tette i håvet går det an å ble?

### **Korfor?**

Heila landet visste at eg samla på tegneseriar og leketøy. Eg hadde vært i aviser, ugeblader, radio og fjernsyn. Kver uga fekk eg brever med bilder av ein bil eller ei dukka, og standardspørsmålet: "Kor mōje kan eg få for han?" Kver uga va der folk så ringde på dørå og spurte om eg kunne visa de samlingane mine. Barnehagar ringde, og ville komma på besøg. De ville ner i kjellaren min, og se på leketøy. Syge banan, det va jo umuligt for meg, aleina, å komma inn i kjellaren. Eg kom halvveis ner trappå, og så va det bom stopp.

Det gjekk for så vidt greit så lenge eg samla på glansbilder og gummibilar fra Lærdal. Det va når eg udvida te dukkevogner, gyngestolar og dukkehus at de store problemene oppstod. Det va då eg måtte leia 100 m<sup>2</sup> av Stavanger Kommune, for å lagra søppelet. Kånå mi rista på håvet og anbefalte ein psykiater, men me fekk jo rydda litt opp i kjellaren, flytta ud det versta, og me fant ein flunkandes nye videomaskin me hadde glømt at me hadde kjøpt.

Eg merkte at folk va interesserte i leketøy mitt. Ungar e alltid interesserte

i leketøy. Foreldre e interesserte i at ungene har skikkelig leketøy, og de vil visa ungene ka de sjøl lekte med, og fortella korfor dette va så ennå møyje bedre. Besteforeldrene vil oppleva leketøyet de hadde då de va små. Ein 80 år gammale mann ringde på dørå mi. Han hadde sett ein reportasje i ei avis eller et ugeblad, kor eg holdt ein bil, prikklike den han sjøl hadde hatt i 1930, då han va 10 år. Eg fant bilen, og han fekk holda han. Han stod heilt roligt og såg på bilen. Lenge, uden et ord. Eg kunne se tårer så trilta ner kinnnet hans og drypte ner på bilen. Han grein, smilte, mimra og gav meg bilen tebage med et strålende smil. Han hadde ikkje hatt det så kjekt på mange år, og han takkte meg som om eg sko ha gitt han ein million.

Eg merkte at et museum kunne ver liv laga. Eg trengde bare någon kreative galningar eg kunne lura med i et styre, gjerna någon med møyje pengar, og lokaler.

### Kor?

I 1989 fekk eg ein lapp i postkassen. Fra Vestre Platå Beboerforening. De hadde funnet ud at Sosialhøgskulen sko flytta fra gamle Solvang Skole og opp te Ollenhaug. Derfor va beboerforeningen interesserte i idear te kordan bydelen kunna gjør nytta av gamle Solvang.

*Leketøymuseum*, tenkte eg umiddelbart. Skolen ligge 60 meter fra huset vårt, det e korte vei å frakta merakketset, og eg kan besøga samlingane mine kver einaste dag. Her har me løsningsen, hvis me bare e litt taktiske. Eg heiv på at det sko ver ein blanding av bydelshus, barnehage og museum, og at me måtte opparbeida parken på oppsidå, og fjerna asfalten på nersidå og få park her óg. Det viste seg at Solvang Skole bare e 700 m<sup>2</sup>, han e lange, men sykt smale. Eg hadde regnt ud at museet trengde minimum 650 m<sup>2</sup>, så eg håpte, uden at eg nevnte det for någon, at bydelshuset og barnehagen kunne dela de resterande 50, og at dette kunne kombineras med ein museumskafe.

Der blei avisskriverier og radioinnslag. Adle syns det va ein gode idé. Eg fekk klapp på skulderå, og folk trodde me sko åbna i neste uga.



Fra et styremøte. Fra venstre: John Gunnar Johnsen, Per Ramvi, Per Inge Torkelsen og Gunnar Roalkvam

Eg måtte få tag i et styre. Eg ville ha ei blanding av galningar og seriøse. Samlare, kreative, kunstnare, arkitekter, forskare. Aslaug Ravndal Gilje e ein entusiastiske lærar så samle på glansbilder. Gunnar Roalkvam e ein positivt kreative sjel så skrive lange vers om damer så dette på glattå. Lasse Bjerved og Thorir Helgasson e fiffige arkitekter. John Gunnar Johnsen samle på blikkboksar og iddissar, og va leidar av Hermetikkmuseet. Per Ramvi e et morsomt ordensmenneske med kunnskaber om formelle ting som reglar og paragrafar. Erling Forfang e tekstforfattar i reklamebyrå, og har sykt med kontakatar.

Eg hadde et styre. Me søkte Sparebank 1 – SR-bank, om 30 000 te å udarbeida et forprosjekt. Me fekk pengane, og David Petter Moltu og John Gunnar Johnsen udarbeida et forprosjekt. Me va i gang. Dette va jo ingenting, som fod i hose.

### Ka?

Eg ska innrømme at eg opprinnelig tenkte på et *leketøy museum*. Et svært hus med tusen glassmontre, og i hvert monter va der stappfullt av leketøy. Leketøy, bare leketøy. Punktum finale, finito mussolini, sånn sko det ver.

Eg hadde jo vært i sånne museer i udlandet, og syns det va både kjekt og spennandes. Eg hadde rektignok såvidt lagt merke te at eg ofta va omtrent aleina i disse museene, og at sjøl eg blei litt matte og metta itte å ha beundra 780 Teknobilar, 1400 Matchboxbilar og 2400 dukker.

John Gunnar Johnsen sa det selvfølgeliga, men eg vil jaffal ha protokollført at eg

umiddelbart forstod hvert ord og va 100% enige. «Monterudstillingar e kjedeligt», sa han, «ungane må få aktivitetar. Lererige aktivitetar så fungere som lek. Og me ska ikkje stilla ud 10 000 bilar, då e der ingen så ser ein einaste bil. Me ska stilla ud *ein* bil, i et flott monter, med skikkelige belysning. Då vil de virkelig få se ein bil».

I løbet av 10 minutt hadde me skrinlagt *Leketøymuseum*, og bestemt oss for *Barnamuseum*. *Barndommens rike* sko det hetta, det syns eg va ein gode idé. *Barndommens rike*, i gamle Solvang Skole. Ka tid komme kommunen te å senda de fyste millionane?

I fem år snakte me om *Barndommens rike*, te me fant ud at der va någon begrensa bergen-



Per Inge Torkelsen tegnet av Pernille Reienes, 6 år



serar så hadde stjålet navnet vårt. Bank sko de hatt. Då bestemte me oss for *Norsk Barnemuseum*, og det e igronnen et ennå bedre navn. Så kan de ha det så godt i Bergen, med *Barndommens rike*, så e lagt ner for lenge siden.

### Politikare og plass

Eg e lokalpolitikar sjøl, så eg må passa kjeften litt. Men det skremde meg kor mange år der gjekk før me fekk konkrete svar. Solvang Skole sko kanskje rivast, sko kanskje ble kommunale eldreboligar, eller private leilighedar, eller barnehage eller kontor. De visste ikkje ennå, og de visste ikkje ka tid de ville veda någe. I 1989 begynte me å fabulera om museum, i 1990 begynte me å jobba, og masa, og signalisera interesse for Solvang Skole. I 1991 begynte me å få pengar, i 1994 blei me bedt om å vurdera Enkesetet/Frida Hansens Hus, i Hillevåg.

Me måtte altså kikka oss rundt itte alternative lokalitetar. Hillevåg hadde fått ein haug med millionar for å bygga opp någe de kalde for Frida Hansens Hus. Det einaste de hadde itte Frida Hansen va et svart/kvitt fotografi av damå, ellers va det tomt alt. Ledigt, passe stort, fint udeområde, greie plass for *Barndommens rike*. Me søkte kommunen om å få flytta inn, og kommunen va positive. Men Hillevåg Bydelsutvalg sa enstemmig og rungande «NEI» te barnamuseum. De ville ikkje ha «motorsykelgjenger og hylende ungdommer» i nærmiljøet sitt. Eg lure på om der e någen i Hillevåg så någen gang har vært på et museum? Jaja, de har jaffal svart/kvitt fotografiet ennå, og sykt med motorsyklar og hylandes ungdommar. Det ska de ha.

Så me måtte jobba vidare. I 1994 har Kommunen, KIK, flerne møder om saken, og i 1995 gjør Formannskapet et prinsippvedtag om at Solvang Skole ska ble Barnamuseum. Eg tror dette prinsippvedtaget gjelde ennå, for me har ikkje hørt någe aent, og i skrivande stund, itte 18 års venting så står skolen der fortsatt, akkorat som før. Halvtomme, som et giktisk og åreforkalka spøgelse.

### Pengar

I 1994 starta sponsorarbeidet for alvor. Det va tungt, men når me fekk napp va det kraftige napp. Me va på flerne møder med Lærdal (Hard Olav Bastiansen, reklame- og rekrutteringsmann, va med meg), og SR-bank (med John Gunnar Johnsen og Gunnar Roalkvam). Utroligt kjekke møder, for me møtte ein skjønne entusiasme og ønske om at dette måtte me få te. Møder med oljeselskaber (fra juni 1994 og tri år udøve), kor me heila tidå følte at me mesten va i mål. Me kom aldrig i mål. Juni 1994 reiste eg te Hjemmet A/S i Oslo, og sa at de kunne få dekorera den eine ytterveggen på museet med bilder av Donald og Mikke, hvis me fekk ein halve million. Tøffe i trynet har eg alltid vært. De såg på meg som eg sko ver ein marsboar, men de ønskte meg «God tur hjem». I april 1995 reiste John Gunnar Johnsen og meg te Legoland i Danmark og Osby, Brio i Sverige, for å se på museene, knytta kontaktar, få istand samarbeidsavtalar, og få pengar. Me fekk te alt unntatt det sista.

Vanligvis va eg aleina om å oppsøga bedriftane. Itte et par år va eg møkkleie

av å gå rundt med denne mappå, snakka ein time med bedriftsledelsen om kor fantastisk alt va, og teslutt få «nei». Så fekk me ein million fra Lærdal. Då blei det kjekt igjen. Så fekk me «mesten» napp fra ein hotellkjede, «mesten» napp fra ein byggevarekjede, og «mesten» napp fra ein store madvareprodusent. Vondt. Så fekk me ein million fra Sparebank 1 – SR-bank. Då blei det kjekt igjen. Så allierte med oss med ein stortingsrepresentant, besøkte Kulturrådet, og fekk 750 000. Yes. Me fekk 200 000 fra Inge Steenslands Fond.

### Litt tidkrevande

Kånå mi hadde for lengst begynt gneldringå om at dette tog ganske møyje tid. Og pengar. Egentlig va det verre enn då eg va samlar. Eg hadde ein ubetalte halvtidsjobb i tillegg te heiltidsjobben min. Og då eg opptådte på julabord, og satte honoraret inn på Barnamuseet sin konto, då fekk hu sikksakk-tryne igjen.

Eg gjekk igjønå 7. sansen min for 1995, for å se kor møyje tid eg brukte på Barnamuseet. Det va et hektisk år, for å sei det mildt. Eg hadde 120 strøoppdrag som artist, eg skreiv ei bog, eg skreiv 130 tekstar (revy, kabaret, avis og radio), eg spelte 57 revyforestillingar, og eg hadde 68 «oppdrag» for Barnamuseet. Eg forstår ikkje at eg hang isamen, men når du har det kjekt så klare du møyje. Barnamuseumsarbeidet va spennandes – møder, intervjuer, besøg, sponning, laga udstillingar, radio og TV. Nokså variert:

- 13/1 NRK TV, Scala. Bergen.
- 18/1 Myllegadå. Biblå-møde om leketøyudlån.
- 20/1 Myllegadå. TV Lanternen.
- 24/1 Kongeparken, Marion.
- 1/2 Myllegadå. John Gunnar Johnsen (JGJ)
- 7/2 Leketøys, Arkivet.
- 13/2 Kongeparken, med JGJ.
- 20/2 Leketøys, Arkivet, styremøde.
- 2/3 Kongeparken, heile dagen.
- 12/3 JGJ, hos Mesi.
- 18/3 Leketøys, gen.fors.
- 20/3 Myllegadå, JGJ.
- 21/3 Kulturplanavd., Olav K. 23, rom D.
- 27/3 12.00 Myllegadå, JGJ.  
18.00 KIK.
- 19/4 Lego, Billund.
- 20/4 Lego, Billund.
- 21/4 Osby, Brio, Sverige.
- 25/4 Kongeparken.
- 2/5 Leketøys, Arkivet.
- 3/5 Kongeparken, heile dagen.
- 4/5 Pressekonferanse, Victoria Hotell, om Barndommens Rike & Kongeparken.

- 7/5 Kongeparken.  
 8/5 Moi. Leketøyproduksjon.  
 14/5 Kongeparken.  
 18/5, 19/5 og 20/5 Kongeparken. Ferdiggjøring av utstillingen.  
 21/5 Kongeparken, åpning.  
 22/5 Stav. Aft., Rigmor Lindøe, om Kongeparken & museum.  
 31/5 Leketøys.  
 1/6 Kongeparken.  
 6/6 Ukebladet Hjemmet i Myllegadå.  
 11/6 Kongeparken.  
 10/7 Myllegadå, JGJ.  
 4/8 Kongeparken.  
 15/8 Myllegadå, JGJ.  
 16/8 NRK lokalen, om museum.  
 21/8 Myllegadå, JGJ.  
 28/8 JGJ, hos Mesi.  
 1/9 Ålesund, se leketøysamling.  
 5/9 Leketøys, Arkivet.  
 19/9 Myllegadå, JGJ.  
 20/9 Solvang Skole. Brannbefaring.  
 25/9 NRK TV – Heia Norge.  
 29/9 Myllegadå, JGJ.  
 3/10 Leketøys.  
 4/10 NRK TV – Heia Norge.  
 6/10 10.00 Stavanger Museum.  
 12.00 Forus Videregående (laga museumsmodellar).  
 12. – 16/10 London, se på museer, møder.  
 26/10 Myllegadå, JGJ.  
 1/11 Myllegadå, JGJ.  
 6/11 Apropos reklame. Erling Forfang.  
 7/11 Leketøys.  
 8/11 JGJ og Gunnar Roalkvam.  
 9/11 Trygve Berge sin leketøyfabrikk. Hinna.  
 20/11 Leketøys.  
 29/11 12.00 Magne Edland og Jop i Kulturhuset.  
 Myllegadå, JGJ.  
 30/11 Om museet, for bydelsutvalget.  
 1/12 NRK 3. «Opptur», og museet.  
 5/12 Lendeforeningen, styremøde. St. Olav.  
 19/12 Vi menn – intervju, Myllegadå.

Eg hadde det jaffal ikkje kjedelig.



## Private pengar

Jo, me ville ha svære beløber fra svære bedrifter. Men me ville ha med flest muligt, me ville at "maen i gadå" sko ble involverte i Barnamuseet. Foreningen *Leketøys* va flotte støttespelare, med litt pengar og møje dugnad. *Lars H. Lendes Minnefond* va heila tidå ein aktive bidragsytar. Det va Gottfred Borghammer sin forening, og mesten livsverk, og Gunnar Roalkvam og meg hadde satt i styret i åravis. Samla inn pengar te statuer, gitt vekk pengar te barnehagar, deiligt og positivt arbeid. Det va heilt naturligt og selvfølgelig at Lars H. Lende, *Alt for barna*, måtte få ein sentrale plassering i Barnamuseet. Då *Lars H. Lendes Minnefond*, itte Gottfreds død, blei lagt ner, så fekk Barnamuseet mesteparten av midlene på kontoen. Et flott, sekssifra beløb, og eg tror me har brukt pengane fornuftigt.

Men «maen i gadå»? Kordan sko me treffa han, og kordan sko me få han med? Eg skreiv et tiggarbrev, kor eg oppfordra folk te å betala 500 kroner kver, eller merr. Me sendte brevet, med ein bankgiroblankett, te adle bystyrerepresentantane, te adle slektningane mine, te adle naboane mine, te adle venner og bekjende eg hadde hatt siden eg lerte å kryba.

Det va ein fantastiske og tankevekkande respons. Eg måtte delvis revurdere synet mitt på bystyrerepresentantane. Me fekk pengar fra folk eg definerte som kulturfiendtlige, og me fekk ikkje pengar fra de eg va sikrast på å få ifra. Eg ska ikkje nevna navn, men eg vett kem dokker e...

Venner og bekjente. Ein nabo skreiv på blanketten: «Vi har ikke råd til mer enn 300 kroner, men lykke til». E det ikkje flott? Mange betalte 500. Ein familie på fira betalte 500 kver. Ein aen familie på fira betalte 50 000 kver.



Anne Cath Vestly åpner Norsk Barnemuseum 24. november 2001

De same folkå har stild opp på dugnad. Me trengde hjelp te vasking, maling, flytting, montering. Timasvis, helger. Uden å sutra, det va plystring og synging me hørte. Jo, dette fekk eg merr og merr tro på.

Eg va på åpningen av Clarionhotellet te Arthur Buchart, i Kleivå. Me spiste og me drakk, heilt gratis. Eg hadde truffet Buchart før, då han åbna et hotell i Kristiansand, og eg visste at ryggradå hans e fodle av gullmyntar. Litt seint på kvelden, då me begge hadde litt lide blod i alkoholen, så fortalte eg om det fantastiske Barnamuseet så snart sko komme i Stavanger. Han syns det va ein kjempeidé, der va altfor lide positivt for ungar. «Kan du ikkje gie oss 50 000 då?» sa eg. Han blei litt paff, men der gjekk ikkje merr enn 5 sekund før han sa: «Det kan jeg godt». Han fekk regningen på mandagen, og betalte på onsdagen. Ein av de fyste dagene i mars 2000 får eg telefon fra ein så hette André. Han har lest om Barnamuseet, og syns det e et flott prosjekt. Han ska dø snart, fortelle han, og han vil gjerna at de så komme i begravelsen bler oppfordra te å gie pengar te Barnamuseet. Ein utrolige telefon å få.

André Walter Salthammer bler begravde fra Askje kjerka den 21. mars 2000 (på gebursdagen min). Ivar Nygaard og meg dele ud sangar, og inni kver sang ligge der ein bankgiroblankett. Sokneprest Harald Grønnevik snakke om Barnamuseet. Barnamuseet får øve 20 000 kroner.

## Udstillingar

Me fekk ganske tidligt litt erfaring i det å laga udstillingar. Foreningen *Leketøys* hadde i 1991 ein svære udstilling i Kulturhuset, «Leketøy som samleobjekter». Der kom øve 5000 mennesker for å se på, og det blei gode inntekter te foreningen. Men me såg at det omtrent bare va voksne folk så kom, og de ungene så kom kjeda seg fort.

I 1994, i frustrasjon øve at der ikkje va någe positive signaler fra Stavanger, og med litt lopper i blodet – nå ville me gjør någe, så kontakta me Kongeparken. Me fekk tiladelse te å laga ein udstilling så sko stå heila sommarhalvåret. Me fekk flotte lokaler, og til og med litt pengar. John Gunnar Johnsen fekk hovedansvaret, og stod på te krampå tog han, bokstavelig talt. Me stilde ud massevis av leketøy, me fekk spe-



Fra utstillingen «Alt for barna». Om Lars H. Lende. Foto: Ole Martin Hillesund

siallagd ein del leketøy me kunne selga (Kampen Skolekorps lagde 100 klatreklovnar), eg hadde kjøpt restopplaget av Dreyer sine glansbilder fra 1950-talet, me fekk lagd et svært tre, med innebygde høytalare. Ungane kunne klatra i treet, setta seg ner forskjellige plasser, leggja øyra innte trestammen, og hørta eventyr. Me strevde fælt med å få pengane Kongeparken hadde lovd oss, men teslutt fekk me det mesta, og nå hadde me i tillegg ein haug med skikkelige udstillingsmontre (så står i Barnamuseet den dag i dag). Det va på adle mådar vellykka. Masse folk, og tebagemeldingar me kunne lera av.

### Historien som historie

Udstillingane, og kontakten med publikum lærte oss at ein av de beste mådane å formidla historien på e ved hjelp av historiar. Eg hadde blitt tipsa om ei av lusakånene i Stavanger, og at dette va ei litt spesielle dama. Hege Stormark hjalp meg, eller omvendt. Me va på møder med folk så kjende, og va i slekt med, denne lusakåna. Hege fekk tag i lus, mikroskop, avlusningsudstyr, gamle protokollar og historikk, fotografier og informasjon om lus og avlusing før og nå. Aslaug hadde, selvfølgelig, de relevante og aktuelle glansbildene.

Eg tror det e någe av det mest vellykka me har gjort på Norsk Barnemuseum, og derfor e denne udstillingen der ennå. Eg skreiv ein historie om sånn så eg huske lusakåna, flerne ganger har museumsvertane stild opp i sygepleiarkler, og samtlige besøgane har blitt avluste før de sleppe inn i museet. Det har blitt ein lokale historie som adle kjenne seg igjen i, uansett kor de komme fra. Den gjer oss et historisk tebageblikk som e nyttigt den dag i dag. Litt spennandes, litt Dr. Jekyll og Mr. Hyde, og lererikt om både lus, glansbilder og den lokale leketøyproduksjonen.



Lusakåne Elise Knudsen  
(1886 – 1967)

#### *Lusakåna komme!*

*Me va livredde. Det va i 1960, me va sju år, og nå gjekk ryktene på heile skolen. Eiganes Skole. «Lusakåna komme!» To gangar i året kom lusakåna, og hu va nifse. Forferdeligt nifse.*

*Det va ei gammale, kraftige, biske, sinte, tjukke, hardhendte, brølete, sure, illeluktande, hylete kjerring med svære nevar, svære kjeft og ein stabel med torturinstrumenter. Før hu blei lusakåna hadde hu spelt i ein haug med skrekk-filmar, og heila livet sitt hadde hu kost seg med å slå i hjel små ungar. Det va det hu likte aller best. Slå i hjel små ungar. Sånne så oss. Sjuår-ingar så gjekk i 1. klasse på Eiganes.*

#### *Lusakåna komme!*

*Me va livredde. Me stod på rad og rekka, og venta på tur. Me skalv og me svetta. Og plutse-*

ligt va det min tur. «NESTE!» Med de svære nevane sine grafsa hu rundt i håret mitt. Og fnyste ett eller aent, før hu tog fram den svære, lange, knallharde stålkommen. Og det va ikkje snakk om å greia håret, seint og forsiktig. Hu kjørte kammen, med tinnar og taggar, langt ner i håvet mitt, før hu reiv kammen langs skallen og lagte fårer djube nok te å planta poteter i. Og så, mens eg stod der, stive av skrekk og sjokk, og med auene fodle av tårer – då kom det nifsaste av alt. Når lusakånå lyfta kammen opp te auene sine, og inspiserte kvar tagg og kvært fnugg mydlå taggane. Har eg lus? Ka skjer nå? Ska hu dreba meg? E det ikkje litt tidlig å dø? Mor bler gjerna leie seg. Må eg i fengsel?

- NESTE! brølte hu, mens hu skjøyv meg hardhendt te sides, og rista kammen i ei bytta med grønngrått vatn.

Det blei ikkje meg. Eg blei frikjende. Eg sko få leva et halvt år te.

Kver gang va der någen så hadde lus. Og det va ei skam. For i 1960 trodde me ennå at det bare va de fattige, de så ikkje vaskte seg, så fekk lus. Åsså va ikkje det heilt rektigt, det heller.

Liga lide så bildet vårt av lusakånå. At hu va 250 år, 250 kilo, og spiste småguttar te frokost. Det va bare någe me trodde, fordte me va livredde. Damer øve 30 e antikvitatar for guttar på 7. Og bestemte og effektive damer, på jakt itte å «ta någen», sånn så me oppfatta det, - det va kjempenifst.

Me vett om seks forskjellige damer så jobde som «lusakånå» i Stavanger. Det va sikkert flotte damer adle samem, så gjorde jobben sin så godt de kunne. De gjorde ein viktige jobb, og de va nok smerteligt klar øve at de ikkje va så populære blant ungane. At me va livredde for «lusakånå».

Ei av lusakånene hette Elise Knudsen. Eg huske eg av og te lurte på ka lusakånå holdt på med i fritidå, hvis hu hadde fritid. Om hu hadde ein haug med innelåste småguttar, så hu torturerte, bare for løyte.

Då Elise Knudsen kom hjem, itte endt arbeidstid, då satte hu seg ner og tegnte glansbilder. Hu tegnte englar og julanissar, og det kan godt ver at du har glansbilder så e tegnte av nettopp Elise Knudsen, lusakånå. Hvis du hadde fortalt meg dette då eg va 7, så hadde eg aldrig trodd deg. Eg trodde ikkje lusakånå hadde menneskelige trekk i det heila tatt. Men inni seg va hu ein engel...

## Lokaler

Me signaliserte at me snart hadde nok pengar, og plutseligt kom kommunen med et forslag te lokaler. Me kunne få det blåa huset på hjørna av Lykkeveien og Klinkenberggadå. Et gammalt to-etages bolighus, med ein grunnflade på 70 m2, uden parkeringmuligheder, uden lekeområde, uden hage, uden park, midt i ei trafikkø. Huset va på grensen te kondemnabelt, og nå e det revet for lenge siden.

Me visste ikkje om me sko le eller grina, så me gjorde begge deler. Og me ba om et møde med kommunen og administrasjonen, kor me på ny fekk forklara ka et barnamuseum e for någe. De forstod, sa de. Harald Hermansen, kultur-





Tegneserielytting. Foto: Ole Martin Hillesund

alt det praktiska. Fra Trondheim og Bergen. Fra ein kakse på Randaberg, så hadde ei svære, tomme løa. «Så kan de ha det så godt i Stavanger» sa han. Fra Jærmuseet.

Eg hadde problemer med å tenka meg Norsk Barnemuseum någen aen plass enn Stavanger. Stavanger og barnakultur henge samene. Me har Norges einaste profesjonella barnateater, det va her Søndagsskolen starta, det va Stavanger så va tegneseriehovedstaden på 1950- og - 60-talet, me hadde ein haug med leketøyprodusentar, og Norges stysste (Lærdal), så eksporterte te 100 land, og så på det mesta hadde ein produksjon på 1,8 millionar bilar pr. måned. Ein gang solgte Lærdal 5 millionar bilar te Japan. Japan har klypt flerne bilar fra Norge enn me har klypt bilar fra Japan. Det må ver i Stavanger.

hussjefen, kalde det konsekvent for «dette leketøysmuseet», mens han flirte og lo litt. I tillegg hadde me vært i møder med Stavanger Museum, og fått klare beskjed om de ikkje hadde kapasitet te å hjelpa oss, om kor vanskelig, og umuligt, det va å driva et privat museum, om me visste kor møyje arbeid det va, kor dyrt det ville ver, og at me kom te å gå konk fortare enn svint. Masse lystelige oppmuntringar på livets landevei.

Kommunen forstod, sa de, at me ikkje kunne bruga det blåa bombenerslaget. Det begynte å spre seg at me hadde pengar, planar og leketøy, men ikkje plass. Eg begynte å få telefonar og brev. Fra Brumunddal, som gjerne ville ha barnamuseet. De hadde lokaler, og sko finansiera

## Løsningen

Løsningen komme når du minst ane det. Eg fekk ein telefon fra Stavanger Kommune. Om eg kunne, som artist, påta meg ein jobb i Oslo. Ein delegasjon sko reisa inn for å markedsføra Stavanger, og om eg kunne underholda ein halvtimes tid. Klart eg kan det.

30. april 1997. Inn te Oslo. Ein flotte restaurant. Informasjonsmateriell om fantastiske Stavanger, lysbilder og film. Mad nok te firmafest på Rosenberg. De så stod for arrangementet va kultursjef Kurt Kristensen, kulturhussjef Harald Hermansen og informasjonssjef Anders Bang Andersen. Alt så kunne kryba og gå av pressefolk og reiselivsfolk va inviterte. Me sko begynna kl.13.00. Kl. 12.45 va der null gjester, bare oss. Kl. 13.00 va der null gjester. Harald Hermansen såg ud så han ville grina. Kl. 13.10 kom der ein journalist fra Dagens Næringsliv. Harald Hermansen spratt opp og strålte som ei sol. Men journalisten ville bare snakka med meg, om den sista bogå mi. Harald Hermansen satte seg ner igjen. Der kom ikkje flerne. Klokka to gav me opp. Ikkje klarte me å spisa merr heller.

Me gjekk på pøbb, i Akersgadå. Harald Hermansen kunne ikkje forstå korfor dette opplegget ikkje sko trekka ein haug med journalistar. «Korfor går dokker ikkje rett på journalistane?» sa eg. «Det går ikkje an det.» «Det e jaffal det eg sjøl





har gjort i adle år, og det har fungert fint.» «Kordan gjør me det?» «Kan me ikkje gå opp i Dagbladet, det e rett rundt hjørna, så ska eg prøva å snakka oss inn?»

Me gjekk opp i Dagbladet, eg snakte med damå i depresjonen, me fekk avtale med journalist og fotograf, me snakte om Stavanger og tog någen sprengde bilder midt i Oslo, og dagen ittepå hadde me heila bagsidå i Dagbladet.

Eg redda dagen for Harald Hermansen. Han strålte så ei sol igjen. Han snakte om meg som om eg sko ver ein gud, og at dette va både utroligt og kreativt.

Dagen itte oppslaget ringe Harald Hermansen te meg. Heila kjellaren i Kulturhuset va ledige og tomme, og de lokalene kunne Barnamuseet få, hvis de ville... «JA TAKK , ME VIL!»

Harald Hermansen e dessverre døde nå, og eg tror dette va det sista han gjorde, reint kulturpolitisk. Og det e løye å fundera på om Barnamuseet hadde eksistert i dag, hvis eg ikkje hadde foreslått å oppsøga Dagbladet. Det va det så sko te...

### Lokalene

Me såg det va flotte lokaler, mesten 1000 m2, og at dette verkeligt kunne ble bra. Men der va møje så måtte gjørs. Og der va møje restriksjonar. Me kunne ikkje skifta ein ledning uden å spør, og betala, arkitekten i Oslo. De små trepladene i taget e spesiallagde te Kulturhuset, og koste 1300 kroner pr. stykk. Der va lek-kasjar adle veier.

Eg va på inspeksjon, samen med Harald Hermansen, i kjellaretasjen i Kulturhuset. Me fant te komplette restaurantkjkken, fullt innreda, som ingen visste om, og som aldrig hadde vært i brug. Der va rom som ingen hadde vært i før. Ein plass fant me to av våre nye landsmenn, som satt på kver sin krakk og røykte. Hermansen spurte ka de gjorde der, og då kunne de fortella at de va ansatt, og jobde der. De hadde vært ansatt lenge. «Ka gjør dokker?» spurte Hermansen. ”Nai, hva vi gjør, vi røyker og snakka».

Nå hadde me lokaler, med svære muligheder. Me hadde ikkje så verst med pengar. Me måtte begynna å ansetta folk. To stykker måtte me ha, på fulltid. Pluss ein haug på deltid, og ein haug med frivillige, gratis, på dugnad.

### Ansatte

*Kontrast*, ved Svein Erik Reienes og Sigve Kaada, sa seg villige te å stå for ansettelsesprosessen, gratis. Me satte inn annonse i Stavanger Aftenblad og Dagens Næringliv. Der va ein haug med søgare fra heila landet. Me intervjuva ca. 10 stykker, og blei enige om å ansetta Ivar Nygaard og Hege Stormark. Begge blei ansatt i 2000, og me kunne ikkje vært merr heldige. To vidt forskjellige personar, så udfylde kverandre merr enn de ante. Kver sine spesialfelt, kver sin arbeidsmåde, villige te å jobba døgnet rundt, brennande entusiastiske for museet. Det va ein fornøyelse. Der va tider me ikkje trodde me sko klara det, der va ein korte periode kor de sjøl, frivilligt, gjekk ner 10% i lønn, for å få skutå te å seila. Styret har te ganger seriøst diskutert det å gje opp, og legga ner heila greiå. Men så har

der vært så mange oppmuntringar, så møje positive vilje. Ivar Nygaard fekk tag i museumsdesignar Pål Sunhell, som e et kreativt oppkomme av ein positive arbeidsmaur. Nå for tidå jobbe Pål for å få *Oslo* Barnemuseum opp å gå... Det bler liksom et barnebarn... Det va ikkje alltid Ivar og Pål va enige om løsingane, heldigvis, någe så gjorde museet ennå merr spennandes. Kjell Haver har vært greie med oss, på merr enn ein måde. Me har heila tidå vært velsigna med et seriøst og ordentligt styre, så aldri har fått fem flade øre for jobben de har gjort. Arne Norheim va med i styret ein periode. Ragnhild Harlem. Gunnar Roalkvam i åra- vis. Erling Forfang. De siste åra har det vært Einar Seiffert, Per Ramvi, Hallvard Ween, Aslaug Ravndal Gilje, Knut Godal og meg. Og me har vært heldige med de ansatte. I tillegg te Ivar og Hege har følgande personar vært ansatt i fode-, halvfole eller deltidstilling:

Janette Holmen, Kaja Raa Storaker, Trude Østreim, Elin Minde, Liv Torhild Welde Flage, Mari Vikse Gundersen, Linn Helen Myrusten, Benedicte W. Skog, Torleif Torkelsen, Andreas Tveit, Joakim Eie, Kristoffer Lunde, Olav Evertsen, Klaus Ruppenthal, Sondre J. Hauge, Astrid Nygaard Engelsland, Marit Fjellidal og Tone B. Larssen.

### **Framtidå**

Me fekk driva i drøye fem år, før Stavanger Museum øvetog. Fem deilige år, med et årligt besøg på 15000 te 25000, og stigande. Me leverte fra oss et gjeldfritt museum så gjekk i øveskudd, og så hadde litt pengar på bog. Eg va endeligt kvitt det, og kunne pusta igjen. Stavanger Museum e ennå dummare enn meg, og det e betryggande.

Eg e inno meste n kver uga. Eg prøve å hjelpa te litt, hvis der e någe eg kan gjør. Eg e ein slags støttekontakt, og det føles godt. Akkorat nå har eg fodla bagasjerommet med leketøy, gitt av gode, gamle Johan Lindal. For der e ennå mange så tror at Barnamuseet e meg, det e ikkje alltid eg gidde forklare den nye situasjonen, åsså e eg jo litt krye.

Eg har fem ungar. Ingvild, Torleif, Jens, Frida og Norsk Barnemuseum. Barnamuseet e yngst, men nå har det begynt på skolen og ser ud te å klara seg fint. Faren har litt dårlige samvittighed for at han e sjeldnare på besøg enn ka han gjerna burde. Men stefaren ser jo ud te å ha blitt aksepterte.

## **What is this foolishness?**

### **- The history of the Norwegian Children's Museum**

#### *Summary*

The story behind the creation of the Norwegian Children's Museum is closely connected to its founder Per Inge Torkelsen. The concept of making a museum dedicated to children's toys originated from Torkelsen, a devoted collector and self-announced clown.

In this article Torkelsen tells the story of how he began collecting children's toys early in his childhood and how his obsessions finally ended up becoming a new museum. The challenge of any affectionate collector is to balance the time spent on collecting with the time spent on life more generally. Members of the press wrote regularly about his private collection of comic books and old toys, and people often came by to see his collection. With time the idea of a toy museum was launched. A project group and a board of directors were established. After a while the project group decided that a toy museum as such might be boring while a children's museum would reach a much wider audience. Whereas a museum of toys would fascinate adults, a children's museum dedicated to the whole notion of childhood – which every visitor may relate to regardless of age – would certainly attract a bigger audience.

In 1989 the plans for the new museum were ready to be executed, the necessary financial and political support was not in place though. It would still take several years until the Children's Museum could be opened. The main difficulties concerned finding a suitable location and then funding. After years of planning, fundraising and temporary exhibitions the solution finally came in 1997, when the office of culture offered the basement of Stavanger Kulturhus Sølvsberget as the new home for the museum. In 2000 the first employees were hired, and a year later, on November 24<sup>th</sup> 2001, the museum could open its door for the public. In the course of a few years the museum became one of the most visited museums in Stavanger. The museum however, struggled each year to secure the necessary funding to continue its operation. The main problem concerning finances was solved when the Norwegian Children's Museum merged with Stavanger Museum from January 1, 2007 as part of the Norwegian museum reform. Presently the Children's Museum is one of the most popular exhibitions of the much larger Stavanger Museum.